



**Kristian Hus har vore ein ruvande mediaskikkelse i vår kommune gjennom mange år, og han held det gåande framleis. No har han starta SKIMTVIS og det er også stikkordet for det innlegg han skal halda under markeringa av den internasjonale eldredagen. Også i år vert han avvika i Kulturhuset på Husnes og dagen er torsdag 2. oktober. Han kallar kåseriet sitt Kvinnherad med redaktøren sine auge.**

Frå den musikalske sida får vi oppleva Michael Titt på fløyte og Maria Jose Carrasqueria på klaver som har eit repertoar frå Europa og Latinamerika.

Påmelding skjer med 26. september som frist og medlemer i pensjonistlaga skal melda seg til si foreining samla. I fjor var det 211 påmelde og det er eit passande tal, tykkjer arrangøren.

Dei er imidlertid ikkje nøgd med oppslutnaden frå Uskedalen, I snitt plar det å vera berre 10-15 påmelde herifrå og talet må aukast, held Kristian Olav Bringedal fram. Det er han som skal ha påmeldingane på 53 48 31 95.

Det går buss til Husnes frå Sydnes klokka 15.15 og retur via Sæbøvik og Høylandsbygd til ferje klokka 20.35.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Privat